

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
042/19	Formannskapet	PS	05.06.2019
043/19	Heradsstyret	PS	19.06.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Grete Birkeliid	16/47

## Høyring - Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

### Vedlegg:

Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Vedlegg 1 Prosjektmandat frivilligpolitikk (L)(214300)

Vedlegg 2 Oppsummeringsnotat frå medverknadsmøte frivilligpolitikk

Vedlegg 3 Dei ti frivilligpolitiske boda

Vedlegg 4 Oversikt lag og organisasjonar i Osterøy kommune per 03.05.2019

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Frivilligpolitikk for Osterøy kommune 2019 – 2023 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.**

### Formannskapet - 042/19

#### FS - behandling:

##### AVRØYTING

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes tilrådd.

#### FS - vedtak:

" Frivilligpolitikk for Osterøy kommune 2019 – 2023 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker."

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Frivilligpolitikk for Osterøy kommune 2019 – 2023 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker."**

### Heradsstyret - 043/19

#### HS - behandling:

Jon F. Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg: Ny ordlyd under overskriften "Forslag til tiltak:"

"Forslag til tiltak

Osterøy kommune skal arbeide for å ha ein knutepunktfunksjon der ein fungerer som bindeledd mellom alle dei ulike frivillige organisasjonane på Osterøy, kommunen og paraplyorganisasjonar/søknadsinstansar og andre aktuelle instansar for fremjing av frivillig arbeid. Under foreslår vi ulike tiltak som ein kan setja i gong for å styrke samarbeidet og utviklinga av frivillig sektor generelt.

Kva tenkjer du ditt lag bidra med? Ta kontakt med Osterøy kommune v/frivilligkoordinator for å få hjelp til korleis din organisasjon kan løfta sine interesser eller bidra til at det frivillige arbeidet som foregår i Osterøy kommune kjem fleire til gode. Tiltaka er ikkje satt opp i prioritert rekjkjefølge, og korleis Osterøy kommune bidreg må vurderast ut frå dei ressursane me rår over eller takast med i budsjettarbeidet.

Høgre kolonne under "Forslag til tiltak" vert fjerna."

#### **AVRØYTING**

Formannskapet sitt framlegg	-	Samrøystes vedteke
Jon F. Blichfeldt sitt framlegg	-	Samrøystes vedteke.

#### **HS - vedtak:**

" Frivilligpolitikk for Osterøy kommune 2019 – 2023 vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker, med slik endring: Ny ordlyd under overskriften "Forslag til tiltak:"

#### **Forslag til tiltak**

Osterøy kommune skal arbeide for å ha ein knutepunktfunksjon der ein fungerer som bindeledd mellom alle dei ulike frivillige organisasjonane på Osterøy, kommunen og paraplyorganisasjonar/søknadsinstansar og andre aktuelle instansar for fremjing av frivillig arbeid. Under foreslår vi ulike tiltak som ein kan setja i gong for å styrke samarbeidet og utviklinga av frivillig sektor generelt.

Kva tenkjer du ditt lag bidra med? Ta kontakt med Osterøy kommune v/frivilligkoordinator for å få hjelp til korleis din organisasjon kan løfta sine interesser eller bidra til at det frivillige arbeidet som foregår i Osterøy kommune kjem fleire til gode. Tiltaka er ikkje satt opp i prioritert rekjkjefølge, og korleis Osterøy kommune bidreg må vurderast ut frå dei ressursane me rår over eller takast med i budsjettarbeidet.

Høgre kolonne under "Forslag til tiltak" vert fjerna.".

#### **Saksopplysningar:**

#### **Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerdast i Heradsstyre.

Saka skal handsamast av formannskapet.

#### **Føremål**

Osterøy kommune har vedteke å utarbeide ein frivilligpolitikk som skal utvikle og betre samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor. Målet er at ein gjennom dialog vil identifisere korleis Osterøy kommune kan legge til rette for frivillig sektor og sjå på oppgåver der sektorane kan utfylle kvarandre. Gjennom eit samarbeid vil ein kunne legge betre tilrette for deltaking i frivillig sektor i Osterøy kommune, og legge tilrette for utvikling i frivillig sektor. Prosjektmandat vart vedteke våren 2017 og la føringane for arbeidet med frivilligpolitikken.

## Bakgrunn

I 2015 utlyste Hordaland fylkeskommune midlar til utvikling av frivilligpolitikk i kommunane, og Osterøy kommune søkte og fekk tilskot. Det vart i 2017 utarbeidd eit prosjektmandat som skildra bakgrunn, føremål, rammevilkår, organisering og budsjett.

## Prosess

Rådmannen si leiargruppe har fungert som styringsgruppe for arbeidet, der rådmannen er prosjekteigar og frivilligkoordinator prosjektleiar.

Heradsstyret i Osterøy kommune gjorde 22. februar 2017 eit vedtak om å opprette politisk arbeidsgruppe som har fungert som ei styringsgruppe i utarbeidinga av frivilligpolitikken.

## Medverknad

Hausten 2017 var det arrangert medverknadsmøte med frivillig sektor, der kring 35 personar frå ulike lag og organisasjonar møtte. Dei fekk presentert bakrunnen for utvikling av ein frivilligpolitikk og arbeida i grupper kring spørsmål knytt til vilkåra for frivillig arbeid. Funna i dette medverknadsmøtet vart samanfatta i ein rapport, og dannar grunnlaget for kartlagde behov i frivillig sektor.

## Vurdering

Tiltaka som er lista opp i dokumentet er meint som forslag til tiltak i prioritert rekkefølgje. Tiltaka må arbeidast inn i budsjett og vurderast undervegs i arbeidet.

## Folkehelse

Frivillig sektor spelar ei stor rolle i folkehelsearbeidet i kommunen. Dei er ein en viktig ressurs som kan utvikle seg i samarbeid med kommunen. Mykje av førebyggjande folkehelsearbeid vert gjort av og med frivillig sektor i samarbeid med kommunale tiltak.

## Økonomi

Det er føreslege tiltak som vil krevje innarbeidning i det kommunale budsjettet. Dei tilltaka som krev

økonomiske midlar, må handsamast i busjettprosessen. Dette gjeld mellom anna oppretting av ein digital portal, møteplass for frivillig sektor eller kommunale tilskotsmidlar.

### **Konklusjon**

Ein ynskjer at saka skal ut på høyring og offentleg ettersyn fordi dokumentet omhandlar frivillig sektor. I arbeidet har ein hatt medverknad med frivillig sektor og ein ynskjer ein open prosess.

Rådmannen vurderer at Frivilligpolitikk for Osterøy kommune 2019-2023 er klart til å leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn.